

# Tilsynssensors årsrapport for bachelorprogrammet i utviklingsstudier, UiO

## 1. Bakgrunnsinformasjon

### *1.1 Emne og studieprogram rapporten er gyldig for*

Rapporten gjeld bachelorprogrammet i utviklingsstudier, UiO, med noko vekt UTV1000 og særleg vekt på UTV3091.

### *1.2 Tilsynssensor si funksjonsperiode*

Underteikna vart oppnemnt som tilsynssensor i 2008 og skal ha ein funksjonsperiode på tre år. Dette er den siste tilsynsrapporten i perioden.

## 2. Utforming av arbeidet

### *2.1 Avtale om vurderingsarbeidet*

Tilsynssensor har ikkje fått føringar med omsyn til om emne som skulle leggast særskilt vekt på, men har evaluert materialet frå UTV1000 og lagt særleg vekt på UTV3091 ettersom det var tilrådd i fjarårets rapport å sjå nærmare på dette nyopprettet emnet. Dette materialet er evaluert:

- Oppgåvesett og 6 eksamenssvar på UTV1000 H-2009
- 6 bacheloroppgåver (UTV3091) V-2019
- Resultatfordelinga på UTV1000 (H-2009 og perioden 2007-08) og UTV3091 (V-2010)
- Rapport frå individuelle samtalar om utviklingsstudiet (09-kullet)

### *2.2 Prinsipp for utveljing av enkeltprestasjonar i tilsyn med karaktersetting*

Eksamenssvara på UTV1000 er valde ut for på å eksemplifisere karakterane A, C, D og F. Bacheloroppgåvene på UTV3091 er representert med to A, ein B, to C og ein D.

### *2.3. Møte*

Det har ikkje vore avtala eller oppstått behov for å halde møte.

## 3. Evaluering av vurderingar og vurderingsordningar

På UTV1000 er vurderingsforma ein seks timer lang skuleeksamen med karakterskala A-. På UTV3091 skriv studentane ei individuell prosjektoppgåve basert på feltarbeid eller sekundær litteratur, og denne tel 60% av samla karakter. I tillegg er det munnleg eksamen som tel 40% av den samla karakteren. Desse vurderingsformene verkar hensiktsmessige og er i tråd med læringsmåla på det enkelte emne.

### *3.1 Evaluering av utforming av eksamensoppgåvene*

Dei tre eksamensoppgåvene på UTV1000 H-2009, der studenten skal velje ut to å svare på, er kort, konsist og forståeleg formulert. Tema for oppgåvene var 1) kjønn og

utvikling 2) utviklingsomgrepet og 3) menneskerettsomgrepet. Oppgåvene er typiske og sentrale tema på dette studiet og eg vil seie at akkurat dette året hadde studentane gode føresetnader til å svare på oppgåve 1, ettersom sentrale delar av pensum handle om kjønn. Elles reflekterer alle oppgåvene pensum og læringsmål.

### **3.2 Evaluering av vurderingsprosessen, karaktersettinga og nivået**

Karaktersettinga er definert ut frå den fagspesifikke skildringa av karakterar for Bachelor på samfunnsgeografi. Dette er standard formuleringar utarbeida på bakgrunn av UHR sine retningslinjer.

#### **3.2.1 Innføringsemne i utviklingsstudiar UTV1000**

Skuleeksamsoppgåvene på UTV1000 vil eg seie at karaktersettinga avspeglar karakterskalaen godt. A-oppgåvene er gode og C-oppgåvene reflekterer C-nivået. D-oppgåva er på grensa til ein C. F-oppgåva presenterer ein heil del kunnskap, men har i praksis berre svart på oppgåve 2, sjølv om også noko av oppgåve 3 er svart på i det samanslårte oppgåvesvaret.

Om vi samanliknar karakterfordelinga H-2009 med perioden 2007-2008 ser vi at den alle åra er konsentrert rundt C, som er det normale. Det siste året (2009) har fleire fått B, medan trenden er at færre har fått karakteren A (6 i 2007, 4 i 2008 og berre 2 i 2009). Dette kan vere ei tilfeldig utvikling, men truleg skuldast årsaker det at sensorane set strengare krav til A (derav fleire B'ar).

#### **3.2.2 Avslutningsemne UTV3091**

Nivået høgt på dei seks vedlagde bacheloroppgåvene på UTV3091. Det er tydeleg at dei som har gjort metodisk gode feltarbeid også har skrive gode oppgåver. A-oppgåvene er gode og er imponerande arbeid med tanke på at dei er baserte på berre ein månads feltarbeid og ein månads skriving. Begge oppgåvene er gode forskingsrapportar. Den eine (kandidatnummer 103) har ein teoretisk sterkt diskusjon av berekrafta av NGO-bistand og den andre (kandidatnummer 102) presenterer ei glitrande framstilling av dei dilemma journalistar står overfor i eit land med korrupsjon og manglande pressefridom.

B-oppgåva er også solid, og handlar om eit svært krevjande forskingstema, rehabilitering av tidlegare barnesoldatar. I mine auge er dette ein svært god B med tanke på at oppgåva framstiller eit svært vanskeleg tema på ein reflektert og grunding måte og gitt den knappe tida studenten har hatt til å skrive. Den skil seg frå A-oppgåvene med ein noko mindre avansert teoretisk diskusjon.

C-oppgåvene er begge baserte på feltarbeid. Eg har ikkje andre kommentarar enn at begge er typiske C-oppgåver når det gjeld språkføring, metoderefleksjon og analytiske evner. Ikkje minst var teoritilfanget til kandidat 121 snevert, og stort sett basert på ei lærebok (som også var feilreferert) så dette var den svakaste av C-oppgåvene. Eg synest likevel feltarbeidsinnsatsen og kunnskapsnivået kan forsvare karakteren C.

Den oppgåva som gjorde det därlegast (D) hadde ikkje gjort feltarbeid. Det skal vere fullt mogleg å skrive ei A-oppgåve basert på sekundærkjelder og med gode

sjølvstendige analyser, men denne oppgåva var meir eller mindre ei direkte gjengjeving av ein vitskapleg artikkel. Karakteren D var derfor i alle fall ikkje for streng.

Sidan dei evaluerte oppgåvene representerer det første kullet på UTV3091 er det ikkje mogleg å sjå på karakterutviklinga over tid. Karakterfordelinga er rimeleg, med overvekt av B'ar og C'ar men likevel med 6 oppgåver av 25 som fekk karakteren A. Ein må gå ut frå at det er dei mest motiverte studentane som fullfører bachelorgraden og det derfor ikkje overraskande at karakternivået er høgare enn på innføringskurset UTV1000. Det er elles interessant å merke seg at alle dei fire mannlege kandidatane fekk karakteren A, medan berre to av dei 21 kvinnene fekk toppkarakter. Det kan nesten sjå ut som at det på eit kvinnedominert studium som utviklingsstudiar, er dei få mennene som vel å fullføre studiet over gjennomsnittet motiverte.

### **3.3 Evaluering av enkelte emne**

#### *3.3.1 Faglig samanheng*

UTV1000: Alle dei fire fagretningane ser ut til å vere representerte på pensum. Heile pensum er på engelsk. Dersom det er mogleg å finne relevant litteratur på norsk, ville det nok ha letta lesinga for studentar som er ferske på universitetet. Det er vanskeleg å finne utviklingsrelatert litteratur på norsk, men det er noko ein kan ha i mente i framtidige pensumrevisjonar.

Frå 2009 til 2010 gjekk ein frå fire bøker til ei bok supplert av fleire artiklar. Pensum vil jo variere med kva førelesarar som er inne på kurset og det er ein fordel for kvaliteten på undervisinga. Derimot var det synd å sjå at eit så sentralt emne som kjønn har vorte redusert i pensumet, frå ei sentral bok og ein spennande artikkel i 2009 til berre ein artikkel frå 1993 i 2010. I det heile er der mange 'gamle' artiklar på pensum. Det er bra at studentane får lese originaltekstene av gamle klassikarar som Hirschman og Chambers, men ein del av dei andre artiklane kunne med fordel ha vore skifta ut med nyare litteratur.

Oppbygginga av førelesingsrekka på UTV1000 verkar bra og det at det er mange ulike førelesarar ser ikkje ut til å vere eit problem for studentane, så dette er eit bra opplegg som fungerer.

UTV3091: Førelesingsrekka med tilhøyrande pensum behandlar sentrale tema innanfor utviklingsforsking, samt metode. Eg har ingen kritiske kommentarar til pensum og det reviderte pensumet vert enno betre. Studentane sitt ynskje om å redusere talet på metodebøker frå to til ei er teke til følgje, og det verkar fornuftig.

Eg ser at mykje av pensumet blir brukt i prosjektoppgåvene, noko som borgar for at relevansen er høg.

#### *3.3.2 Funksjonalitet innanfor ramma av programmet*

UTV1000: Innføringssemnet er populært og fungerer godt som start på programmet.

UTV3091: Det nye avslutningsemnet på bachelorgraden er svært krevjande, men det faglege innhaldet er oppdatert og spennande og det må vere eit gode å kunne konsentrere seg fullt ut om eitt emne det siste semesteret.

Hovudutfordringa ser ut til å vere at dei studentane som avsluttar bachelorstudiet er ganske ulike når dei kjem til det siste semesteret: dei har fordjupa seg i ulike disiplinar og nokre vil gjere feltarbeid og andre ikkje. Den faglege breidda kan her gå ut over disciplinær djupn. Samstundes får studentane prøve ut det tverrfaglege tilsnittet tilfeltet utviklingsstudiar. I nokre av bacheloppgåvene ser ein at studentane har sine disciplinære 'legningar' i behald. Etter mitt syn vert dette dei beste arbeida, der ein har eit disciplinært fokus men låner og er inspirert av andre relevante disiplinar, inkludert meir tverrfaglege utviklingsteoretiske tilnærmingar.

Ei anna hovudutfordring er at det vert därleg tid. Spesielt verkar det hektisk å ha ein månad til feltarbeid og berre ein månad til å fordøye inntrykk, analysere data og skrive oppgåva. Etter mi mening kan ein redusere noko på talet på førelesingar utan at alt for mykje går tapt. Slik sett må studentane setje seg inn i pensum noko meir på eiga hand og det bør ein kunne forvente på dette stadiet i studiet.

Eit feltarbeid på ein månad er kort, men på den andre sida er det nok på eit semesterstudium. Det er først og fremst tida mellom heimkomst og innlevering som må utvidast. Eg ser at dei studentane som ikkje skal gjere feltarbeid føler det vert for mykje fokus på dei som skal i felt. Etter mi mening bør fokuset på feltarbeid vere like stort som det er. Dei som skriv litteraturbaserte kunne evt. fått eit bibliotekskurs i tillegg til rettleiing på manus som dei får tilliks med dei som er på feltarbeid.

Ut frå studentevalueringa synest det viktig å ha meir innføring i skriveteknikk og oppgåveutforming.

### *3.3.3 Studietilbodet som heilskap*

Studietilbodet som heilskap ser ut til å fungere fint og etter mi mening har det felles avslutningsemnet styrka bachelorprogrammet som heilskap.

## **4. Drøftingar med fagmiljøet underveis**

Sjå 2.3.

## **5. Tilråingar**

- Halde fram med fadderordning og hyttetur i første semester.
- Oppdatere UTV1000-pensum.
- Auke tidsrommet mellom feltarbeid og innlevering av bacheloroppgåve på UTV3091.
- Vektlegge UTV3091 også i neste tilsynsevaluering.

Bergen, 4. februar 2011

Ragnhild Overå